

Ingebrigt Bjørkevoll
Vestrefjordvegen 565
6265 Vatne

Dykkar referanse:

Vår referanse:
26/1510, 26/18386

Arkivkode:
L42 411/1

Dato:
10.08.2026

Gbnr. 411/1-2 og 416/1-6 - Eikesetra - Mindre steinbru og bygge ny bru - Vedtak

Behandling:

Delegert sak nummer: 143/26	Dato: 10.08.2026
-----------------------------	------------------

Tiltak: Renovering av steinbru og oppføring av ny trebru
Byggestad: Gbnr. 411/1 Vestrefjordvegen 772
Tiltakshavar: Ingebrigt Bjørkevoll
Søknad komplett: 10.07.2026

Delegert vedtak:

Vi godkjenner søknad om dispensasjon frå LNF-formål i kommuneplan for Haram og søknad om renovering av steinbru og oppføring av ny trebru over Eikeelva på gbnr. 411/1 mfl.

Vilkår:

1. Tiltaket skal gjennomførast så skånsamt som mogleg, og kantvegetasjonen langs Eikeelva skal i størst mogleg grad takast vare på. Naturlege elveprosessar og hydrologiske forhold skal ikkje endrast meir enn det som er nødvendig for gjennomføringa av tiltaket. Tiltaket skal heller ikkje medføre hindringar for eventuell fiskevandring. Nødvendige avbøtande tiltak skal gjennomførast som ein del av tiltaket.
2. Før arbeid i eller langs Eikeelva tek til, skal tiltakshavar avklare behovet for løyve etter forskrift om fysiske tiltak i vassdrag. Dersom det er krav om løyve frå rette sektormyndigheit, skal slikt løyve liggje føre før arbeidet vert sett i gang.
3. Bruene skal prosjekterast og utførast slik at material, konstruksjon og forankring har tilstrekkeleg styrke og robustheit til å motstå dei flaum- og isgangsbelastningane som kan forventast på staden. Utforminga skal vere slik at bruene ikkje lett kan bli skadde, flytta eller tekne av vassmassar eller is ved flaum. Tiltaket skal elles gjennomførast i samsvar med dei flaumreduserande tiltaka som er skildra i søknaden.

Saksopplysningar

For området gjeld følgande:

Arealdelen av kommuneplan for Haram kommune med føresegner gjeldande frå 18.06.2020.

Postadresse:
Postboks 33
6282 Brattvåg
E-post: postmottak@haram.kommune.no

Telefon:
Sentralbord: 70 20 75 00
Direkte: «Sbr_Tlf»

Nettside:
haram.kommune.no
Organisasjonsnummer:
829 912 252

Eigedomen er i plan lagt ut til LNF-formål.

Tiltaket er ikkje nabovarsla. Det ligg likevel føre underskrifter frå samtlige grunneigarar på ei fornying av avtalen med Vestrefjord Bygdeforening. Avtalen, datert 22.02.2002, gir rett til å nytte utmarka til restaurering av merkt tursti/ridesti for ålmenta på strekninga frå Rødstøls plass i Myrane til Eikesetra.

Kommunen legg til grunn at avtalen dokumenterer at grunneigarane er kjende med og har samtykt til den aktuelle bruken av arealet.

Fråsegna frå annan myndigheit

Møre og Romsdal fylkeskommune

Planfaglege merknader

Tiltaket er del av eit prosjekt for rehabilitering av ein historisk setersti med stor kulturhistorisk og lokal verdi. Prosjektet omfattar mellom anna rydding, drenering, skilting og etablering av ny bru over Eikeelva, med føremål om å betre tilgjenge og tryggleik for allmenn ferdsel og landbruksdrift.

Området er avsett til LNF-formål, der hovudregelen er at tiltak som ikkje er knytte til stadbunden næring, ikkje skal tillatast. Ny trebru over hovudlaupet må reknast som eit tiltak som ikkje utan vidare er i samsvar med føremålet, og krev difor dispensasjon.

Samstundes er det eit sentralt moment at tiltaket i stor grad knyter seg til eksisterande bruk av området. Elvekryssinga har historisk vore etablert, og tiltaket inneber i praksis ei sikring og oppgradering av ein eksisterande ferdsestruktur.

Frå eit regionalt planperspektiv kan tiltaket støtte opp under mål om å leggje til rette for friluftsliv og fysisk aktivitet, ta vare på kulturhistoriske landskap og styrkje lokale kvalitetar i bygdene. Dette er i samsvar med regionale føringar innan folkehelse, friluftsliv og kulturarv. Samtidig er det viktig å sikre at tiltaket ikkje fører til unødige terrenginngrep eller negativ påverknad på naturmangfald og vassdragsmiljø. Dokumentasjonen tyder på at tiltaket er avgrensa og tilpassa eksisterande trasé og naturtilhøve, mellom anna med omsyn til flaum. Fylkeskommunen vil likevel peike på behovet for skånsam gjennomføring, dokumentasjon av naturmangfald i tråd med naturmangfaldlova §§ 8–12, og avklaring av eventuelle omsyn knytt til

vassdrag etter relevant sektorlovverk.

Kulturminne frå nyare tid

Vi råder til å bruke materiale og steinmuringsteknikk som er historisk riktig. Utforming av bru må vere diskret og enkel i utforming, for å unngå for store inngrep. Trykkimpregnert materiale bør ein unngå, men velje material som Alfuru eller material frå tømmer med mykje kjerneved som tåler mykje slittasje. Det er elles positivt at det seterområdet tilgjengeleggjerast for ålmenta med ei sikker bru.

Vassforvaltning

Regional plan for vassforvaltning for Møre og Romsdal vassregion 2022 – 2027 fastset miljømål i vassførekomstar i kyst, vatn og vassdrag, der hovudmålet er god økologisk og kjemisk tilstand i løpet av planperioden. Gjennom arealplanlegging kan kommunen sette restriksjonar på arealbruken for å ivareta naturmiljøet i og langs vassdrag, innsjøar, fjordar og sjøområde. Ein skal planlegge for å ivareta naturleg bekkbotn og elvebredder, flaumsoner og kantvegetasjon. Saka gjeld tiltak som kan påverke vassførekomst Eikeselva 102-70-R. Det er lite informasjon om vassførekomsten i vann-nett.no, miljøtilstand er vurdert til god. Det kan vere aktuelt å innhente meir informasjon om naturkvalitetar og eksisterande påverking på vassførekomsten slik at ein

har kunnskap om kva som bør ivaretakast.

Renovering og bygging av bru kan påverke miljøkvalitetane i vassførekomsten, t.d. endring av hydrologi som kan føre til erosjon og massetransport, nye vandringshindre for fisk, fjerning av kantvegetasjon, endring av botnforholda. Tiltaka som er foreslått må gjennomførast utan negativ påverknad på naturmangfald og vassmiljø og det må settast krav til gjennomføring slik at vassførekomsten kan nå miljømålet, enten ved avbøtande eller bevarande tiltak. Forslag til avbøtande og bevarande tiltak er tidspunkt for gjennomføring, ivareta kantvegetasjon langs vassdraget, sikre fri fiskevandring, unngå endringar i hydrologi, bevare skjul for fisk og andre artar i vassdraget m.m. Tiltaket er sannsynlegvis over anadromt strekk og fylkeskommunen har ansvar etter forskrift om fysiske tiltak i vassdrag. Tiltakshavar må søke fylkeskommunen om løyve etter forskrifta. Vedlagte skjema kan nyttast til søknaden.

Konklusjon

Møre og Romsdal fylkeskommune vurderer at tiltaket i hovudsak inneber ei oppgradering av ei eksisterande ferdsselsåre, med positive verknader for friluftsliv, kulturmiljø og lokal bruk. Det er positivt at tiltaket legg til rette for trygg tilkomst til Eikesetra og bidreg til å halde seterstien og kulturlandskapet i hevd.

Av omsyn til kulturmiljøet rår fylkeskommunen til ei enkel og diskret utforming av bruene, og at det vert nytta tradisjonelle og varige material og steinmuringsteknikkar som er tilpassa kulturmiljøet. Vidare må tiltaket gjennomførast slik at det ikkje medfører negativ påverknad på vassmiljøet i Eikeselva. Kantvegetasjon, naturlege elveprosessar og eventuell fiskevandring må ivaretakast, og nødvendige avbøtande tiltak bør sikrast gjennom vilkår i løyvet. Tiltakshavar må òg avklare behovet for løyve etter forskrift om fysiske tiltak i vassdrag.

Under desse føresetnadene vurderer fylkeskommunen at fordelane ved tiltaket er større enn ulempene, og at vilkåra for dispensasjon etter plan- og bygningslova § 19-2 kan vere oppfylte. Fylkeskommunen har på dette grunnlaget ikkje vesentlege merknader til at dispensasjon vert gitt.

Statsforvataren i Møre og Romsdal

Statsforvaltaren har ut frå sine ansvarsområde ingen merknad.

Vurderingar

Saka gjeld:

Vi viser til søknad UtenAnsvar12 mottatt hos oss 09.06.2026 . Søknaden var komplett 10.07.2026.

Du har søkt om renovering av steinbru og oppføring av ny trebru over Eikeelva på gbnr. 411/1 mfl.

Planmessige forhold og dispensasjonar:

Du har søkt om dispensasjon frå LNF formål i kommuneplan for Haram. Du skriv at Bruer over Eikeetva på veg til Eikesetra tangs en gammel setersti er planlagt utbedret der kryssinga av elva alltid har vært. Det har så lenge noen husker vært en liten steinbru over et lite sideløp, men kun steiner lagt ut i elva for kryssing av hovedløpet. Ved større vannføring kan det være krevende å krysse elva. I tillegg er det lett å skli når en skat krysse evta på de utlagte, ofte våte, steinene. For å gjøre kryssingen tryggere er det behov for en ny bru over hovedløpet og å renovere steinbru

over sideløpet. Gammel setersti er den del av en merket turløype som går fra Rødstøls Plass i Vestrefjord i Haram kommune til Eikesetra og videre til Røvarhytta i Vestnes kommune. Langs turstien er det satt opp skilt som forteller om kulturminner en passerer. Ved å holde stien åpen tar en vare på kulturlandskapet og historien i dette området. Det er nå behov for å renovere denne turløypen som fikk Stim-midler rundt år 2002. Det er søkt om SMIL-midler for å dekke en del av utgiftene til denne renoveringen. Et av tiltakene er å bygge ny bru over Eikeelva siden mangelen på bru har vært en betydelig begrensning for bruken av stien. Nye bruer over Eikeelva vil også lette gjetning og sankning av sauer da samme sti og elvekryssing benyttes til dette formål. Ny bru er derfor utformet med repos med lekter for sklisikring, slik at også sauer kan bruke den til elvekryssing.

Vi kan berre gi dispensasjon om dei omsyna som ligg bak føresegna ikkje blir «vesentleg» satt til side. I tillegg må det vere «klart større fordelar enn ulemper» etter ei samla vurdering, jf. plan- og bygningslova § 19-2 andre avsnitt. Det er i utgangspunktet fordelar som er forankra i areal- og ressursdisponeringsomsyn som er relevante.

Eigedomen ligg innanfor areal som i kommuneplanen sin arealdel for Haram er sett av til LNF-formål. Føremålet med LNF-formålet er å ivareta landbruks-, natur- og friluftsinteresser. Som hovudregel skal det ikkje etablerast tiltak som ikkje har tilknytning til stadbunden næring eller dei interessene LNF-formålet skal ivareta.

LNF-formålet skal mellom anna sikre areal for landbruksverksemd, ivareta natur- og landskapsverdiar og leggje til rette for friluftsliv. Formålet skal også medverke til å hindre ei gradvis nedbygging og privatisering av LNF-områda gjennom tiltak som ikkje har tilknytning til dei interessene området er sett av til å ivareta.

Det omsøkte tiltaket skil seg frå tiltak som normalt vil vere i strid med LNF-formålet. Det er ikkje tale om oppføring av bustad, fritidsbustad eller anna tiltak som legg beslag på areal til private føremål. Tiltaket inneber heller ikkje etablering av ein ny ferdselsåre, men ei oppgradering av ei eksisterande elvekryssing langs ein historisk setersti.

Elvekryssinga har etter det som er opplyst vore nytta over lang tid, mellom anna gjennom eksisterande steinbru over sideløpet og steinar som har vore lagde ut i hovudløpet. Den nye brua og renoveringa av steinbrua vil i hovudsak sikre og oppgradere denne eksisterande ferdselsstrukturen.

Tiltaket har samanheng med både friluftsliv og landbruksbruk. Seterstien er del av ei merkt turløype til Eikesetra og vidare mot Røvarhytta, og same ferdselsåre vert nytta i samband med gjetning og sankning av sau. Tiltaket vil dermed også bidra til å halde seterstien og kulturlandskapet i hevd.

Kommunen vurderer på denne bakgrunnen at tiltaket ikkje vil føre til at omsyna bak LNF-formålet vert vesentleg tilsidesette. Det vert særleg lagt vekt på at tiltaket er avgrensa i omfang, er knytt til eksisterande ferdsel og ikkje inneber ei ny utbygging eller privatisering av LNF-området.

Tiltaket har fleire fordelar som er relevante ved vurderinga etter plan- og bygningslova § 19-2.

Den viktigaste fordel er at ei eksisterande ferdselsåre vert tryggare og meir tilgjengeleg. Dagens kryssing av Eikeelva skjer delvis ved bruk av steinar som kan vere vanskelege å passere ved større vassføring, og som kan vere glatte. Ei fast bru vil redusere risikoen for fall og gjere ferdselen tryggare for ålmenta.

Tiltaket vil også bidra til å oppretthalde og styrkje friluftslivsinteressene i området. Ei tryggare elvekryssing vil gjere det lettare å nytte og halde ved like den eksisterande seterstien. Dette støttar opp under omsynet til friluftsliv og fysisk aktivitet.

Vidare er det positivt at tiltaket kan bidra til å ta vare på den historiske seterstien og kulturlandskapet rundt Eikesetra. Tiltaket har også ein funksjon for landbruksdrifta ved at stien vert nytta i samband med gjeting og sanking av sau.

Møre og Romsdal fylkeskommune har i sin fråsegn vurdert at tiltaket i hovudsak inneber ei oppgradering av ei eksisterande ferdselsåre, og har peika på positive verknader for friluftsliv, kulturmiljø og lokal bruk. Fylkeskommunen har på dette grunnlaget ikkje vesentlege merknader til at dispensasjon vert gitt.

Ulempene ved tiltaket er i hovudsak knytte til inngrepet i og langs Eikeelva. Renovering og bygging av bru kan påverke kantvegetasjon, elvebotn, naturlege elveprosessar og eventuell fiskevandring. Det kan også vere risiko for erosjon, massetransport og endringar i hydrologien dersom arbeidet ikkje vert gjennomført på ein skånsam måte. Fylkeskommunen har særleg peika på desse omsyna og tilrådd at nødvendige avbøtande og bevarande tiltak vert sikra gjennom vilkår.

Kommunen vurderer at dei negative verknadene kan avgrensast gjennom utforming og skånsam gjennomføring av tiltaket, samt gjennom vilkåra som vert sett i vedtaket. Det vert sett vilkår om at kantvegetasjon langs Eikeelva skal ivaretakast så langt som mogleg, at naturlege elveprosessar og hydrologiske forhold ikkje skal endrast unødig, og at eventuell fiskevandring ikkje skal hindrast. Eventuelle nødvendige avbøtande tiltak skal gjennomførast som ein del av tiltaket.

Det vert vidare sett vilkår om at tiltakshavar før arbeidet i eller langs Eikeelva tek til, skal avklare behovet for løyve etter forskrift om fysiske tiltak i vassdrag. Eventuelt løyve frå rette sektormyndigheit skal liggje føre før arbeidet vert sett i gang.

Omsynet til flaum og isgang er også vurdert. Søkjar har opplyst at eksisterande steinbru skal hevast for å redusere risikoen for at steinheller vert tekne av flaum eller isgang. For den nye trebrua er det opplyst at brua skal ha tilstrekkeleg høgde over normal vassstand og vere forankra til store steinheller på begge sider av elva. Kommunen vurderer at desse tiltaka vil kunne redusere risikoen for skade.

Det vert sett som vilkår for løyvet at bruene skal prosjekterast og utførast slik at material, konstruksjon og forankring har tilstrekkeleg styrke og robustheit til å motstå dei flaum- og isgangsbelastningane som kan forventast på staden. Bruene skal utformast slik at risikoen for at dei vert skadde, flytta eller tekne av vassmassar eller is vert redusert.

Etter ei samla vurdering finn kommunen at ulempene ved tiltaket er avgrensa og kan reduserast gjennom dei vilkåra som vert sett for gjennomføringa. Fordelane er knytte til tryggare allmenn ferdsel, friluftsliv, landbruksbruk og ivaretaking av den historiske seterstien og kulturlandskapet. Desse fordelane er nært knytte til areal- og ressursdisponeringsomsyn som LNF-formålet skal ivareta.

Kommunen finn etter dette at omsyna bak LNF-formålet ikkje vert vesentleg tilsidesette ved at det vert gitt dispensasjon. Kommunen vurderer vidare at fordelane ved å gi dispensasjon er klart større enn ulempene, jf. plan- og bygningslova § 19-2 andre avsnitt. Vilkår for å gi dispensasjon frå LNF-formålet er etter dette oppfylte.

Naturmangfaldlova

Tiltaket er vurdert i samsvar med prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8–12, som omfattar krav til kunnskapsgrunnlag, føre-var-prinsippet, økosystemtilnærming og samla belastning. Det er gjennomført kontroll i Artsdatabanken og Naturbase hos Miljødirektoratet. På bakgrunn av tilgjengeleg kunnskap og registreringar i aktuelle databasar vert det vurdert at tiltaket ikkje vil medføre vesentlege eller negative konsekvensar for naturmangfaldet eller det berørte området.

Samfunnstryggleik

I samsvar med plan- og bygningslova § 28-1 skal byggverk og areal ikkje plasserast eller utførast slik at det oppstår fare for skade på liv, helse, miljø eller materielle verdiar som følgje av natur- eller miljøforhold.

Tiltaket ligg i og ved Eikeelva, og flaum og isgang er relevante omsyn ved vurderinga av samfunnstryggleik. Søkjar har opplyst at steinheller på eksisterande steinbru ved enkelte høve har blitt løfta som følgje av vårflaum og isgang. For å redusere denne risikoen skal steinbrua hevast med om lag 20–30 cm. For den nye trebrua over hovudløpet er det opplyst at brua vil liggje om lag 1 meter over normal vassstand, og at brua skal forankrast til store steinheller på begge sider av elva.

Kommunen vurderer at dei opplyste tiltaka vil kunne redusere risikoen for at bruene vert skadde, flytta eller tekne av flaum og isgang. Samstundes ligg det ikkje føre ei eiga flaumutgreiing eller berekning av dimensjonerande flaum for tiltaket. Kommunen kan difor ikkje konkludere med at tiltaket er utan flaumrisiko. Det vert lagt vekt på at tiltaket er avgrensa, at elvekryssinga skjer på ein eksisterande trasé, og at bruene er planlagde med tiltak for å redusere risikoen ved flaum og isgang.

Fylkeskommunen har vurdert at tiltaket er avgrensa og tilpassa eksisterande trasé og naturtilhøve, mellom anna med omsyn til flaum.

For å ivareta omsynet til samfunnstryggleik vert det sett vilkår om at bruene skal prosjekterast og utførast med material, konstruksjon og forankring som er tilstrekkeleg robuste til å motstå dei flaum- og isgangsbelastningane som kan forventast på staden. Utforminga skal sikre at bruene ikkje lett kan bli skadde, flytta eller tekne av vassmassar eller is ved flaum.

På bakgrunn av opplysningane som ligg føre, og med dei vilkåra som er sett for gjennomføringa, vurderer kommunen at tiltaket ikkje medfører ein slik fare at det er grunnlag for å avslå søknaden etter plan- og bygningslova § 28-1.

Visuelle kvalitetar

I samsvar med plan- og bygningslova § 29-2 skal tiltak prosjekterast og utførast slik at dei har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølve og i høve til funksjon, plassering og samanheng med bygde og naturgjevne omgjevnader.

Tiltaket omfattar renovering av eksisterande steinbru og oppføring av ei ny trebru over Eikeelva langs ein eksisterande og historisk setersti. Tiltaket er planlagt med ei enkel og varsam utforming som er godt tilpassa landskapet og den eksisterande ferdselsstrukturen. Bruk av tre som hovudmateriale på den nye brua, samt vidareføring av eksisterande steinbru, vurderast å vere godt tilpassa kulturmiljøet og dei naturgjevne omgjevnadene.

På denne bakgrunnen vurderer kommunen at bruene får ei enkel og funksjonell utforming som i tilstrekkeleg grad er tilpassa landskapet, seterstien og kulturmiljøet. Tiltaket oppfyller etter kommunen sin vurdering krava til gode visuelle kvalitetar, jf. plan- og bygningslova § 29-2.

Byggehøgder og plassering, inkludert høgdeplassering:

Avstand til nabogrenser og andre bygg som vist på situasjonsplan.

Konklusjon

Søknaden vert godkjend med følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal gjennomførast så skånsamt som mogleg, og kantvegetasjonen langs Eikeelva skal i størst mogleg grad takast vare på. Naturlege elveprosessar og hydrologiske forhold skal ikkje endrast meir enn det som er nødvendig for gjennomføringa av tiltaket. Tiltaket skal heller ikkje medføre hindringar for eventuell fiskevandring. Nødvendige avbøtande tiltak skal gjennomførast som ein del av tiltaket.
 2. Før arbeid i eller langs Eikeelva tek til, skal tiltakshavar avklare behovet for løyve etter forskrift om fysiske tiltak i vassdrag. Dersom det er krav om løyve frå rette sektormyndigheit, skal slikt løyve liggje føre før arbeidet vert sett i gang.
 3. Bruene skal prosjekterast og utførast slik at material, konstruksjon og forankring har tilstrekkeleg styrke og robustheit til å motstå dei flaum- og isgangsbelastningane som kan forventast på staden. Utforminga skal vere slik at bruene ikkje lett kan bli skadde, flytta eller tekne av vassmassar eller is ved flaum. Tiltaket skal elles gjennomførast i samsvar med dei flaumreduserande tiltaka som er skildra i søknaden.
-

Andre opplysningar:

Du har rett til å klage på vedtaket, sjå vedlegg for meir informasjon om klagerett i byggesaker.

Aktuelle partar blir underretta om vedtaket. Gebyr blir fakturert i samsvar med satsar fastsett i kommunestyret, og blir sendt til deg seinare.

Du kan ikkje bruke tiltaket før midlertidig bruksløyve eller ferdigattest er gitt. Ved slik søknad må du hugse å leggje ved opplysningar om kvar tiltaket er plassert, slik det er utført. Opplysningane vert sende til e-postadressa på heimesida til Haram kommune.

Dette løyvet skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen. Vi gjer merksam på at du må søke på nytt om byggearbeidet ikkje er satt i gang innan tre år. Du må også søke på nytt om arbeidet vert innstilt i meir enn to år, jf. plan- og bygningslova § 21-9.

Vi gjer merksam på at tiltaket blir registrert i Statens kartverk (Matrikkelen). Kommunale vass- og avløpsavgifter kan bli rekna ut frå areal som er ført der.

Gjeldande lover, forskrifter, vedtekter og reguleringsføresegner skal følgast, med mindre du har fått uttrykkeleg dispensasjon.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til «Arkivsaksnummer 26/1510» og gbnr. 411/1.

Ved å gå inn på «Innsyn» på heimesida til Haram kommune kan du søkje på arkivsaksnummer eller gnr./bnr. og finne dokumenta i saka.

Send dokumentasjon via eDialog

Bruk gjerne eDialog viss de skal sende oss dokumentasjon eller svare på dette brevet. Oppgi referansenummer 26/1510. Les meir om eDialog på: <https://haram.kommune.no/edialog>

Med helsing
Bent Leite
tenesteleiar

Chuyun Hu
ingeniør
Plan

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur

Orientering om klagerett i byggesaker - Haram kommune - Plan

		Lovheimel:
Kven har rett til å klage?	Den som er part i saka, eller som har rettsleg klageinteresse, kan klage på vedtak i byggesak.	Forvaltningslova (Fvl.) § 28
Kva kan du klage på?	Enkeltvedtak, dvs. vedtak som er bestemmende for rettar eller plikter til ein eller fleire bestemte personar. Du har ikkje rett til å klage på forhold som er avgjort i bindande reguleringsplan eller dispensasjon, etter at fristen for å klage på dei vedtaka er gått ut.	Fvl. § 28, jf. § 2.
Klagefrist	Klaga må vere postlagt innan tre (3) veker etter at du fekk melding om vedtaket. Det vil si at du må sende klaga innan tre veker frå den dagen melding om vedtaket vart lagt i di postkasse, postboks eller blei levert på anna måte. Om du ikkje har fått melding, er klagefristen tre veker frå du fekk eller burde skaffa deg kjennskap til vedtaket. Sjølv om klaga blir sendt for seint kan kommunen behandle klaga dersom a) du ikkje kan lastast for at fristen ikkje blei haldt eller for å ha drygd med å klage etterpå, eller b) det er «særlege grunner» til at det er rimeleg at klaga blir prøvd.	Fvl. §§ 29 og 30 Fvl. § 31
Kva må du ta med i klaga?	Klagen må: - vere signert - angi kva vedtak det klagast på - angi kva endringar ein ønsker - eventuelt gi opplysingar om oppfylling av klagefrist (om det er tvil om klaga er sendt til rett tid). I tillegg bør klagen vere grunngitt, og gi eventuelle andre opplysingar som kan ha betydning for kommunen si vurdering. Om det er feil eller manglar ved klaga, få du ei kort frist for å rette eller utfylle klaga.	Fvl. § 32
Kven kan du klage til?	Klaga skal sendast til: Haram kommune Plan I PELT (Plan Eigedom Landbruk Teknisk) Postboks 33 6282 Brattvåg	Fvl. § 28

	Eller du kan bruke eDialog eller e-postadressa til kommunen.	
Vidare saksgang:	Klaga blir først vurdert av den instansen som har gjort vedtaket. Om tenestekområdet ikkje finn grunn til å endre sitt vedtak blir saka behandla i Planutvalet (PU). Om PU held fast ved det opphavlege vedtaket, vil saka blir sendt til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal for endeleg avgjerd.	Fvl. § 33
Når blir klaga behandla?	Innan åtte – 8 – veker	SAK § 7 – 1, jf. § 7 – 2 fjerde avsnitt.
Kva skjer med byggearbeidet i mellomtida?	Sjølv om det er klaga over vedtaket, kan ein gjennomføre vedtaket straks det er gjort. Det betyr at byggearbeidet kan starte, så snart det er gitt igangsettingstillatelse. Kommunen kan bestemme at arbeidet ikkje kan starte opp før klaga er avgjort, om kommunen finn grunn til det.	Fvl. § 42
Rett til innsyn og rettleiing	Part i saka har rett til rettleiing. Partane har normalt også rett til å gjere seg kjent med dokumenta i saka. Du finn dei fleste sakene og dokumenta på heimesida til kommunen ved å velje «Innsyn». Om dokumenta ikkje er tilgjengelege der, kan du vende deg til kommunen med spørsmål om innsyn via e-postadressa på heimesida til Haram kommune.	Fvl. § 11 og § 18.
Rett til å krevje grunngjeving:	Om vedtaket ikkje er grunngjeve, har du som er part i saka rett til å få særskilt grunngjeving for vedtaket. Klagefristen blir utsett til etter at du har fått grunngjevinga.	Fvl. § 24 og § 25
Kostnader ved å klage	Du kan søke om å få dekt utgifter til nødvendig advokathjelp. Her gjeld visse grenser for inntekt og formue. For meir informasjon om dette ta kontakt med Statsforvaltaren i Møre og Romsdal eller advokat. Om du får medhald i klaga kan du i nokre tilfelle krevje dekning for vesentlege kostnader som har vore nødvendig for å endre vedtaket til din fordel.	Fvl. § 36